

## Møtereferat

Dato: 19.01.2016

Emne:	<b>Referat RMNF-AU 13.01.2016</b>		
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar		
Forfall:			Sak: 2014/558-176
Møtetid:	08:30-11:40	Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. etasje fylkeshuset	

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar****Sak 1/16 Kurs og konferansar**

Rådet har fått tips om og vore invitert til fleire kurs og konferansar.

**Vedtak**

Brukaropplæring FFO og SAFO, 26. januar: Opent for alle rådsmedlemar å melde seg på.

Kurs frå Fagakademiet, 8. februar: For arbeidsutvalet. Kjell Håland vert meldt på.

Kurs i universell utforming, 27. april, Sandnes: Opent for alle rådsmedlemar å melde seg på.

Statped brukarkonferanse 2.-3. februar: Nina Murberg melder seg på.

Administrasjonen sendar ut ein mail til medlemane.

**Sak 2/16 Regional planstrategi – regionalavdelinga**

Kvart 4. år skal fylkeskommunen rullere regional planstrategi. Regionalavdelinga er allereie i gang med arbeidet og ønskjer innspel frå RMNF.

**Vedtak**

Regionalavdelinga presenterer regional planstrategi på rådsmøtet 3. februar. Regionalavdelinga har eit innlegg på konferansen 22. februar der dei informerer om regional planstrategi, og det tilsvarende arbeidet i kommunane, samt gir deltakarane ein moglegheit til å kome med innspel til planstrategien.

**Sak 3/16 Nyttårsbord****Vedtak**

Administrasjonen bestillar bord på Hotel Ørnen kl 13:00 3. februar. Ber om at konferanseavdelinga seier nokre ord om korleis hotellet og konferansedelen er tilrettelagt menneske med nedsett funksjonsevne.

**Sak 4/16 Konferansen til RMNF 22.-23. februar****Vedtak**

Arbeidsutvalet har laga eit endeleg program, med nokre få usikre moment. Nedst finn de programmet slik det er no. Invitasjon vert sendt til dei fylkeskommunale avdelingane og til medlemar i utvalet for opplæring og helse. Alle medlemar i rådet vert forventa å møte på konferansen, varamedlemene vert invitert.

Arbeidsutvalet ringjer til dei kommunale råda for å sjå til at dei melder seg på og administrasjonen purrar på mail. Alle innleiarane får gåve, unntatt dei som kjem i fylkeskommunal regi.

22.02.2016

10:00	Fylkesordfører	Ønskje velkomen, oppgåver og funksjon HFK, forventningar til RMNF	Godtatt – må sende brev
10:10	Kjell Håland	Om RMNF og saker rådet er oppteke av	Ok
10:20	Om regelverk og video for råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Anders Eriksen, Bufdir	Ok
11:00	Pause		
11:10	Fylkesrådmannen	Saksgang frå A til Å - når kan rådet kome med innspel	Ikkje fått svar - purret
11:40	Jostein Ljones (ordfører i Kvam) og Tove Linnea Brandvik	Politikarperspektivet, korleis påverke politikarar. Om regelverket.	Ok
12:20	Pause		
12:30	FFO	Presentasjon av organisasjonen og korleis den kan samarbeide betre med råda	Godtatt
12:45	SAFO	Presentasjon av organisasjonen og korleis den kan samarbeide betre med råda	Godtatt
13:00	Lunsj		
14:00	Regional planstrategi – påverknad i praksis	Regionalavdelinga – informasjon og innspel	Godtatt
15:15	Pause		
15:30	Frank Aarebrot eventuelt Joakim Bording	Motivasjonstale om medverknad og nedsett funksjonsevne	Ikkje stadfesta
16:00	Ferdig med programmet		
16:30 – 17:30	Synfaring Amalie Skram	Opplæringsavdelinga	Ikkje fått svar - purret
19:00	Middag		

23.02.2015	<b>TEMA: Korleis førebyggje fråfall i vidaregåande skule blant elever med nedsett funksjonsevne?</b>		
09:00	<b>Velkomen</b>	Kjell Håland	Godtatt
09:05	Nina si historie	Ved Nina Murberg	Godtatt

09:25	Forskar frå NOVA	Jon Erik Finnvold	Godtatt
10:20	Pause		
10:40	Gode eksempler på vellykka integrering i skulen - og planlegging av framtidige jobbmuligheter	Steiner Løland (far) og Vegard Løland (sønn)	Ok
11:25	Unge Funksjonshemmede	Leiar Camilla Lyngen	Godtatt
12:00	Lunsj		
13:00	Politisk innlegg	Utvalsleiar opplæring og helse Emil Gadolin	Ok
13:15	Opplæringsavdelinga	v/ Laila Ulvestad og Sverre Urheim Lie	Ok
14:00	Sebastian Tjørstad		Ok
14:45	Avsluttande ord	Kjell Håland	
15:00	Vel heim		